



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -

Beredskapsplan for Meland- og Husebø vassverk

17. desember 2014

Revisjons nr. 1

Innhald

1	Innleiing	4
1.1	Planas oppbygging	4
1.2	Styrande dokument og referansar	4
1.3	Ansvar og fullmakter	4
1.4	Oppdateringsstatus og rutinar	5
2	Operativ del	6
2.1	Operative mål for beredskapen	6
2.1.1	Dimensjonerande hendingar inkl. operative mål	6
2.2	Varsling, Innkalling og mobilisering	8
2.2.1	Varsling beredskapsorganisasjon	8
2.2.2	Innkalling	9
2.2.3	Mobilisering av mannskap	10
2.2.4	Varsling av abonnentar	10
2.3	Funksjoner i beredskapsgruppa, oppgåver og fullmakter	11
2.4	Informasjonshandtering	12
2.4.1	Informasjonsstrategi	12
2.4.2	Overordna prinsipp for informasjonshandtering	12
2.4.3	Ansvar og retningslinjer	12
2.4.4	Informasjon til innbyggjarane i kommunen	13
2.4.5	Informasjon til eigne tilsette	13
2.5	Aksjonsplaner	14
2.5.1	AKSJONSPLAN A – Iverksetjing av naudvassforsyning	14
2.5.2	AKSJONSPLAN B – Situasjonar med opphøgd risiko for ikkje ønska hendingar	15
2.5.3	AKSJONSPLAN C, Trussel eller mistanke om tilsikta handling (sabotasje, terror)	16
2.5.4	AKSJONSPLAN D, Kritisk leidningsbrot med fare for kontaminert vatn	18
2.5.5	AKSJONSPLAN E, Svikt overbelastning pga. dårlig kvalitet på råvatnet	19
2.5.6	AKSJONSPLAN F, Langvarig svikt strømforsyning (dagar)	20
2.5.7	AKSJONSPLAN G, Brann eller eksplosjon i bygning eller teknisk installasjon	21
2.6	Plan for demobilisering og normalisering	22
3	Administrativ del	23
3.1	Mål, strategi og ansvar	23
3.1.1	Overordnamål og strategi	23
3.1.2	Ansvar	24
3.1.3	Grensesnitt mot annan beredskap	24
3.2	Organisering og drift av beredskap	25
3.2.1	Beredskapsorganisasjon Eigedom, anlegg og beredskap	25
3.2.2	Beskriving av beredskapsfunksjonar	26
3.2.3	HMT under aksjonar	27
3.2.4	Evaluering av aksjoner	28
3.2.5	Opplæring og øvingar	28
3.3	Beredskapsutstyr og beredskapsavtaler	29

3.4	Spesielle beredskapstiltak	29
3.4.1	Leveranse med redusert vasskvalitet	29
3.4.2	Redusert leveranse	30
3.4.3	Overvaking av vasskvalitet	30
3.4.4	Sikring av installasjonar	31
3.4.5	Tiltak ved varsel om ekstremvær	32
3.4.6	Naudvassforsyning	32
	Vedlegg I – Varslingsliste	34
	Vedlegg II – Loggføringsskjema	37
	Vedlegg III – Situasjonsrapport Meland kommune	38
	Vedlegg IV – Sikker Jobb Analyse (SJA)	39
	Vedlegg V – Mal aksjonsplan	41
	Vedlegg VI – Skjema mottak av trussel	42
	Vedlegg VII – Mal for varsling av abonnentar	43
	Vedlegg VIII – Evalueringsskjema	44
	Vedlegg IX – Definisjonar og forkortingar	46
	Vedlegg X – Kort brukarretteiing Befolkningsvarsling	48
	Vedlegg XI – Varslingsliste Sårbare abonnentar	53

1 Innleiing

Beredskapsplan for vassforsyning Meland kommune beskriv handtering av ikkje ønska hendingar som kan hende for vassforsyninga i kommunen, og som kan gje konsekvensar for menneskje, levering av drikkevatt, ytre miljø, materielle verdiar, omdøme og samfunn. Den byggjer på det risikobiletet som er avdekket gjennom risiko- og sårbarheitsanalysa. Plana skal oppdaterast ved endringar i dette risikobiletet.

Beredskapsplan skal være tilgjengeleg på kommunens intranett og på serverområdet til Eigedom, Anlegg og Beredskap (EAB).

Papirkopi av beredskapsplanen ligg på kontor til Avdelingsleiar, Sektorsjef teknisk og Driftstasjon Melandskaret i tillegg til i Vaktkoffert. Plana inngår og i kommunens samla kommunale beredskapsplanverk som sektorplan for vassforsyning.

Ein kvar person som inngår i beredskapen har eit ansvar for å gjere seg kjend med plana og halde seg oppdatert ved endringar.

1.1 PLANAS OPPBYGGING

Plana er organisert i ein operativ del og ein administrativ del. Hensikta er at den operative delen skal vere enkel og effektiv å bruke i det behovet melder seg. I operativ del vil man i ein akutt situasjon normalt nytte følgjande rekkjefølgje av dokument:

- **Varsling, innkalling og mobilisering Kapittel 2.2**
- **Aksjonsplaner - kapittel 2.5.1 til og med 2.5.7**

Den administrative delen inneheld meir utfyllande informasjon om organiseringa av beredskapsarbeidet for vassforsyning i Meland kommune. I tillegg til grunnlagsinformasjon om enkelte situasjonar som kan oppstå.

Planens vedlegg inneheld varslingslister, malar og skjema.

Tips til den som inngår i beredskapen: Finn ditt namn på lista i vedlegg 1. Finn din plass i beredskapsgruppa i kapittel 3.2.1 og les om din beredskapsfunksjon i kapittel 2.3.

1.2 STYRANDE DOKUMENT OG REFERANSAR

For styrande dokumenter, sjå Meland kommunes IK-handbok.

1.3 ANSVAR OG FULLMAKTER

Avdelingsleiar eller Sektorsjef teknisk skal avgjere om ein beredskapssituasjon føreligg og setje i verk intern og ekstern varsling, jf. kap. 2.2.

1.4 OPPDATERINGSSTATUS OG RUTINAR

Ansvar

Avdelingsleiar er ansvarleg for å vedlikehalde denne plana elektronisk, samt sørge for nødvendig oppdatering av det til ein kvar tid mengd papirkopiar.

Beredskapsplanen inngår i det samla beredskapsplanverket til Meland kommunes kriseleiing, og er ei sektorplan for vassforsyning (EAB). Plana må underleggast kommunale godkjennings-rutinar.

Ein kvar person som inngår i beredskapen har plikt til å melde inn feil eller behov for endringar i plana til Avdelingsleiar.

Oppdateringsrutinar

Beredskapsplana må gjennomgåast i si heilheit anna kvart år. Ansvar for at dette utførast ligg hos Avdelingsleiar, primært i etterkant av beredskapsøving. Elles oppdaterast plana ved behov.

Tabell over revisjon av beredskapsplana

Dato	Rev. Nr.	Hovudending
14-12-17	1	Endelig utgåve
14-12-16	0.2	Revidert plan for godkjenning – Norconsult
14-10-31	0.1	Utkast til plan for gjennomgang i kommunen - Norconsult

2 Operativ del

2.1 OPERATIVE MÅL FOR BEREDSKAPEN

Dei operative måla for beredskapen er uavhengige av kvar enkelt ikkje ønska hending, og er styrande for aksjonens gjennomføring. Desse måla, med tilhøyrande suksesskriterier, danner grunnlaget for ei overordna evaluering i etterkant av ein aksjon, jf. kap. 3.2.4.

Operative beredskapsmål for Meland kommune vassforsyning:

1. Rask oppdaging, varsling og aksjonering.
2. Hurtig innkalling av beredskapspersonell.
3. Tilpassa, variert og dimensjonert beredskapsmateriell.
4. At avgjerder takast på grunnlag av beste tilgjengelege kunnskap om hendinga, hendingas skadepotensial og kommunen si samla vassverkskompetanse.
5. Rask avgrensing på skadestad for å redusere konsekvensar i størst mogleg grad.
6. Effektiv gjennomføring av tiltak.
7. Godt trena og kompetent beredskapsstyrkje.
8. Effektiv kommunikasjon og rapportering.
9. God tilgang til reservemannskap for aksjonar av lang varigheit.
10. Godt samarbeid med den kommunale kriseleiinga og myndigheta.
11. Forskrifts messig ivaretaking av HMT gjennom beredskapsgruppas verneleiar.
12. At Meland kommune skal ta posisjonen som viktigaste kjelde for faktainformasjon, og gjere seg tilgjengeleg for media og allmennheta. Hurtigheit, truverdigheit, kvalitet og openheit vektleggjas.

2.1.1 Dimensjonerande hendingar inkl. operative mål

1. Iverksetjing av naudvatn- og reservevassforsyning

Operative mål:

- Ved iverksetjing av naudvassforsyning skal sårbare abonnentar varslast innan 1,5 time
- Ved iverksetjing av naudvassforsyning skal ramma abonnentar varslast ved hjelp av SMS-varsling, media eller dør-til-dør aksjon innan 2 timer etter at hendinga er oppdaga og varsla.
- Naudsynte tiltak skal vare sette i verk og abonnentane skal ha naudvatn innan 4 timar.

2. Situasjonar med opphøgja risiko

Operative mål:

- Meland kommune v/ EAB skal ha eit bevisst forhold til samfunnstryggleik, og sette i verk tiltak basert på kriteria for å styre/ redusere risiko i situasjonar/tidsrom med opphøgja risiko (ekstremver, streik mv).
- Førebyggjande tiltak skal vare vurdert og eventuelt sette i verk innan 6 timer.

3. Trussel eller mistanke om tilsikta handling (sabotasje, terror)

Operative mål:

- Ved trussel mot vassverk skal politiet varslast om trusselen omgåande etter mottak av meldinga, og ansvarsfordelinga mellom politiet og Meland kommune skal vare avklart innan 30 minutt.
- Omgåande føre-var tiltak skal vare vurdert innan 30 minutt etter mottak av trussel og sette i verk så snart som mogleg.

- Ei foreløpig vurdering av konsekvensar for vassforsyninga skal føreliggje innan 1 time etter mottak av trusselen.
- De vassverksobjekt trusselen retter seg mot skal vare visuelt inspisert innan 3 timar

4. Kritisk leidningsbrot med fare for kontaminert vatn

Operative mål:

- Vurdering av kva områder som vert rørt skal være fullført innan 2 timar.
- Varsling av sårbare abonnentar skal være fullført innan 3 timar.
- Varsling av andre rørte innbyggjarar og verksemder skal være fullført innan 3 timar.
- Nødvendig prøvetaking skal være utført og prøve levert laboratoriet innan 2 timer etter reparasjon. (Har vaktordningsavtale med laboratoriet).
- Vurdering av kokevarsel skal være gjennomført og utsendt innan ledninga setjas i drift att.
- Alternativ vassforsyning (naudvatn) skal være sett i verk innan 4 timar for brot med varighet over eitt døgn.

5. Svikt/ overbelastning pga. dårleg råvasskvalitet

Operative mål:

- Vurdering av kva konsekvensar svikt/ overbelastninga får for vassforsyninga skal gjennomførast innan 4 timar.
- Vurdering av kokevarsel skal være gjennomført og utsendt innan 5 timar
- Nødvendig prøvetakingsarbeide skal være utført og prøve levert laboratoriet innan 2 timar etter vasking av UV. (Har vaktordningsavtale med laboratoriet).

6. Langvarig svikt i straumforsyning (dagar)

Operative mål:

- Rekvirering av aggregat skal være fullført innan 1 time etter melding om langvarig straumbrot er gitt frå kraftselskapet.
- Vurdering av behov for iverksetjing av naudvatn skal være gjort innan 6 timer etter at straumbrotet har inntreffe.
- Etablering av naudvassforsyning skal være fullført innan 4 timer etter avgjer om iverksetting.

7. Brann eller eksplosjon i bygning eller teknisk installasjon

Operative mål:

- Dersom hendinga inntreff på Husebø vassverk – handterast hendinga ved etablering av naudvassforsyning i området (sjå mål for hending 1).
- Kartlegging av skader og vurdering av omfang gjennomførast innan 6 timar etter at ein brann er sløkt.
- Varsling av sårbare abonnentar skal være fullført innan 3 timar.
- Varsling av andre aktuelle innbyggjarar og verksemder skal være fullført innan 3 timar.
- Ved andre behov for langvarig alternativ forsyning skal det etablerast ei plan for den forsyninga innan 1 døgn etter at hendinga har inntreffe.

2.2 VARSLING, INNKALLING OG MOBILISERING

2.2.1 Varsling beredskapsorganisasjon

Meland kommune vil gjennomføre varsling i tråd med til krav i Drikkevassforskrifta. Under er det nemnt nokre førehald knytt til varsling.

Aktuelle telefonnummer for varsling er nemnt i vedlegg I - Varslingsliste.

Varsling om akutt helsefare

Ved reell fare for-, eller mistanke om-, akutt helsefare ved inntak av drikkevatt frå kommunal vassforsyning, skal kommunelegen (medisinsk fagleg rådgjevar) og lokalt Mattilsyn straks varslast.

I samråd med desse informerast politiet tlf. 112. Vidare varslast kriseleinga i kommunen, kommunens servicekontor, 110-sentralen, sårbare abonnentar, Mattilsynet sentralt, Fylkesmannens beredskapsavdeling og andre abonnentar.

Ei utsending av varsel om stans i forsyninga til heile kommunen som følgje av truslar, skjer i samråd med Mattilsynet og Politiet.

Varsling om redusert vassmengd/kvalitet

Varsel om redusert mengde vatn rettast til sårbare abonnentar og andre aktuelle abonnentar.

110-sentralen og kommunens resepsjon orienterast om situasjonen.

Ved leveranse av redusert kvalitet, må kommunelegen (medisinsk fagleg rådgjevar) og lokalt Mattilsyn takast med i avgjerda. Vidare skal kommunens kriseleing varslast, kommunens servicekontor, sårbare abonnentar, Mattilsynet sentralt, Fylkesmannen og andre abonnentar.

Varsling kommunal kriseleing

Kommunal kriseleing skal alltid varslast omgåande når beredskapsplan for vassforsyning takast i bruk.

DET MÅ SÅ TIDLEG SOM MOGLEG VURDERAST PUBLISERING AV INFORMASJON OM HENDINGA PÅ HEIMESIDA TIL KOMMUNEN.

(sjå kap. 2.4.4 for meir informasjon.)

2.2.2 Innkalling

Det er viktig at ein beredskapssituasjon blir identifisert raskt slik at tiltak kan setjast i verk for å minimere konsekvensar av ikkje ønska hendingar.

Kriterier for at vakta skal kalle inn beredskapsorganisasjon.

Det er vakta i samråd med Avdelingsleiar eller leiarens stadfortredar som skal bestemme innkalling og mobilisering av beredskapsgruppa.

Innkalling skjer på basis av liste over personell i beredskapen (vedlegg I) og ei konkret vurdering av kor stor del av beredskapsgruppa som skal etablerast.

Det finnes to beredskapsnivå for EAB:

0. Vaktpersonell handterer hendinga med stønad frå interne eller avtalefesta eksterne ressursar (forsterka vakt)
1. Beredskapsplana setjast i verk med full bemanning av alle beredskapsfunksjonar jf. kapittel 2.3

Det er vakta i samråd med Avdelingsleiar eller leiarens stadfortredar som bestemmer omfanget av innkallinga.

Ei hending skal handterast som ein beredskapssituasjon, og ein beredskapsorganisasjon skal innkallast, når:

1. Ein trussel er sett mot vassverket, uansett innhald og truverdighet.
2. Det er utsendt ekstremvarsel for ver som inneberer ein vesentlig opphøgd risiko for bortfall av elektrisk kraft, fysiske skader på installasjonar, ikkje ønska inntrenging av vatn, forbruk som overstig overføringsleidningas kapasitet mv.
3. Elektrisk kraft til vassbehandlingsanlegget fell bort, og dialog med kraftleverandør tilseier straumbrot med forventta varighet på meir enn 6 timar.
4. Teknisk svikt inneber at leveranse av reint vatn vil, eller kan bli, stansa til fleire enn 50 hushaldningar i meir enn 12 timar.
5. Andre hendingar som vakta saman med ekstern assistanse ikkje kan eller bør handterast aleine.

Kvar enkelt som kallast stiller med:

- mobiltelefon (inkl. lader)
- nødvendige klede for utandørs arbeid
- eventuelt personlig verneutstyr
- eige køyretøy med tilstrekkelig drivstoff

Ved fram møte Meland Rådhus møterom 3 (Beredskapsrom EAB) plikter kvar enkelt å gjere seg kjend med den beredskapsfunksjonen vedkommande skal ivareta.

Beredskapsgruppa kan kalle inn andre personer/aktørar som dei vurderer som hensiktsmessig å ha med i den vidare handteringa av den oppståtte situasjonen.

2.2.3 Mobilisering av mannskap

Mobilisering omfattar alle aktivitetar som setjas i verk etter frammøte og fram til at tiltak er sette i verk.

Aktivitetane omhandlar:

1. Felles orientering om hendinga og situasjonen
2. Verifikasjon om nødvendig ekstern varsling er fullført
3. Felles orientering om kven som er tildelt de ulike beredskapsfunksjonane
4. Registrering av alle kommunikasjonsmidlar (mobiltelefonar etc.) som skal nyttast i aksjonen
5. Rask, overordna gjennomgang av helse, miljø og sikkerhet (kva risikoforhold føreligg, behov for verneutstyr mv.)
6. Rask gjennomgang av kommunikasjon og rapporteringsrutinar frå mannskap i felt til EAB beredskapsrom
7. Val av aksjonsplan, gjennomgang av tiltak og tildeling av oppgåver til kvar enkelt
8. Vurdering av behov for ekstern assistanse/bistand
9. Etablering av hovudlogg for aksjonen
10. Fysisk tilrettelegging av EAB beredskapsrom

Når mobilisering er slutført, setjas tiltaksfasen i verk. Denne er skildra av aksjonsplanane i kapittel 2.5.1 -2.5.7.

2.2.4 Varsling av abonnentar

Type og omfang av informasjon må være tilpassa den aktuelle krise eller beredskapssituasjon som har oppstått. Det er utarbeida ei huskeliste for kva ei melding bør innehalde og korleis den bør utformast, sjå vedlegg VII I kvart enkelt tilfelle må det gjerast ei nærare vurdering av følgjande forhold:

- behov for informasjon i forhold til frykt/uro hos abonnentane/befolkninga
- om standard melding skal nyttast
- kva varslingsmetode som skal nyttast

Avhengig av kor alvorleg meldinga er bør en faglig vurdering av slike meldingar gjerast i nært samråd med Mattilsynet og kommunelege.

Varsling av abonnentar og publikum kan gjerne deles inn i 2 ulike fasar:

- Fase 1 - Ei alvorleg hending er oppdaga, men omfang/konsekvens er ikkje fullt ut klarlagt og beredskapsgruppa er ikkje etablert. Det er behov for å gje foreløpig og evt. førebyggjande varsel til publikum og abonnentar.
- Fase 2 - Hendinga er nærare kartlagt og beredskapsgruppa er etablert. Det er behov for å gi abonnentar og publikum utfyllande informasjon. I tillegg vil det være behov for å informere/tene presse og media.

Fase 1

For hendingar som krev at informasjon må ut til publikum/abonnentar hurtig gis det direkte informasjon om hending og tiltak via:

- SMS-varsling (UMS befolkningsvarsling – sjå vedlegg X for rettleiing for brukarar)
- Internett/ Facebook

- Resepsjonen
- Media (radio/ nettaviser)
- evt. oppsøkjande verksemder løpesetlar eller plakatar/oppslag.

Ansvarleg for informasjon er Beredskapsleiar (Avdelingsleiar) evt. i samarbeid med kommunens informasjonspersonell.

Fase 2

Kommunens informasjonsansvarlig varslas så raskt som mogleg for å hjelpa med å gje utfyllande informasjon til abonnentar og publikum samt betene presse og media.

Ansvarleg er Beredskapsleiar (Avdelingsleiar) i samarbeid med informasjonsansvarleg i kommunal kriseleiing.

2.3 FUNKSJONER I BEREDSKAPSGRUPPA, OPPGÅVER OG FULLMAKTER

Sjå kontaktinformasjon i Vedlegg I – Varslingsliste

Funksjon	Oppgåver/fullmakter
Beredskapsleiar vatn (BL)	<ul style="list-style-type: none"> • Ta i mot varsel frå vakt eller andre og vurdere behov for og avgjera beredskapsmobilisering, jf. kap. 2.2 • Erklære at beredskap vassforsyning er etablert og ha det overordna ansvaret for handteringa av situasjonen. • Vurdere omfang av og verifisere at ekstern varsling er utført. • Val av aksjonsplan og strategi for aksjonen (saman med OPL). • Føre aksjonens hovudlogg. (Evt. sørgje for tilførsel av ressursar for å ivareta loggfunksjon.) • Setje i verk tiltak for å sikre dokumentasjon. • Vurdere behov for og eventuelt sørgje for økonomiske fullmakter. • Utarbeide informasjonsstrategi, medrekna behov for omgåande informasjon til media. • Vare proaktiv og fokusere på strategiske og langsiktige tiltak (tenke worst-case) • Koordinere kommunikasjon mot kommunelegen, Mattilsynet Fylkesmannen evt. politi, og andre relevante myndigheter og parter. Medrekna sørgje for nødvendig oppdatering av kommunal kriseleiing. • Vurdere demobilisering saman med operasjonsleiar.
Operasjonsleder vann (OPL)	<ul style="list-style-type: none"> • Vurdere strategi og operative mål. • Val av aksjonsplan og strategi saman med beredskapsleiar (BL). • Innkalle nødvendig personell. • Sjå til at nødvendig varsling er utført. • Lede felles orientering om hendinga og situasjonen. • Lede felles HMT-brief, medrekna tiltak som er sette i verk for ivaretaking av HMT. • Etablere sambandsplan; disponere og fordele sambandsutstyr. • Koordinere den operative innsatsen medrekna ansvarleg for kommunens beredskapsutstyr. • Innhente situasjonsrapportar og oppdatere status i pågåande situasjon. • Være kontaktpunkt mot evt. innleidde ressursar

Funksjon	Oppgåver/fullmakter
	<ul style="list-style-type: none"> • Samle inn og systematisere dokumentasjon (medrekna foto/video og avtalar om innleie av ressursar). • Brief av innsatspersonell, • Følgje opp HMT under aksjonen. • Identifisere, korrigere og rapportere avvik. • Stanse arbeidet pga. manglande sikkerhet. • Vurdere behovet for og be om bistand (intern/ eksternt). • Sjå til at hovudlogg blir etablert. • Avgjere demobilisering av ressursar saman med beredskapsleiar.
Innsatsteam med leder (ute)	<ul style="list-style-type: none"> • Sjå til at eige kommunikasjonsutstyr blir registrert i EAB beredskapsrom. • Ta imot beskjed om kommunikasjonsrutinar og intervallar mellom innsatsteamet og OPL (situasjonsrapport) • Ta imot ordre frå operasjonsleiar. • Personleg vurdering av tryggleik i forkant av arbeidsoppgåvene. • Gjennomføring av SJA • Vurdere behov for bistand i gjennomføring av eigne oppgåver. • Melde inn behov for ekstra ressursar (interne og eksterne) til OPL. • Rettleie innleidde ressursar. • Melde inn behov for avløyning til OPL. • Ta imot melding om demobilisering, rydde/sikre/normalisere skadested.

2.4 INFORMASJONSHANDTERING

2.4.1 Informasjonsstrategi

Vatn er ein heilt naudsynt og kritisk ressurs for eitkvart moderne samfunn. Det er difor av avgjerande meining at forbrukarane har ein udiskutabel tillit til dei som har fått ansvaret for vassforsyninga. Mangelfull eller uheldig handtering av informasjonsbehovet i ein beredskaps-situasjon kan svekke tilliten til Meland kommune som distributør av drikkevatt og føre til unødige angst og usikkerhet blant forbrukarane.

Meland kommune ved EAB skal ved uønskete hendingar:

- Ha ein open og proaktiv informasjon til abonnentar og eigne tilsette.
- Ha en open og proaktiv informasjon til media og bruke dei som ein ressurs for å formidle informasjon til sine abonnentar.
- Ha klare ansvarslinjer og klar rollefordeling når det gjeld informasjonshandtering, både internt og i forhold til eksterne aktørar.

2.4.2 Overordna prinsipp for informasjonshandtering

- All informasjon som blir gitt av Meland kommune/ EAB skal vere korrekt og sannferdig.
- Informasjonen skal oppdaterast kontinuerleg.

2.4.3 Ansvar og retningslinjer

Beredskapsleiar er informasjonsansvarleg i forhold til hendingar innanfor vassforsyninga. Ansvaret kan delegerast.

I svært store hendingar der kommunal kriseleing blir sett i verk følgjast rutineane for informasjonshandtering fastlagt i det overordna planverket.

Følgjande generelle retningslinjer gjelder:

- Spørsmål om hendingas verknad på befolkingas helse, samt råd om bruk av drikkevann til konsum, skal alltid svarast på av kommunelegen i Meland kommune
- Spørsmål av fagleg karakter og spørsmål om årsak, hendingas omfang, mogleg skade, ansvarsforhold, utvikling av situasjonen framover etc. skal svarast på av Beredskapsleiar eller evt. stadfortredar
- Innsatsteam og mannskap kan berre svare på korte faktaspørsmål om eige arbeid
- Behov for utlevering av pressemeldingar vurderast i tråd med aksjonsplana
- Informasjon til media skal prioriterast og organiserast iht. følgjande rekkefølge:
 - a. Kva har skjedd
 - b. Når og kvar skjedde det
 - c. Kven leder beredskapsarbeidet
 - d. Kven kan bli rørt – kva er konsekvensen av hendinga
 - e. Praktiske råd til abonnentar, evt. helsemessige råd frå kommunelegen
 - f. Kor og kven gir ytterlegare informasjon om hendinga

All skriftleg informasjon skal vare kortfatta, eintydig og presis slik at unødige spekulasjonar blir førebygd. Informasjon om årsak til hendinga, og ansvaret for at den oppstod, bør unngåas ved å vise til etterfølgjande kartlegging og undersøkingar.

2.4.4 Informasjon til innbyggjarane i kommunen

I beredskapssituasjonar er det viktig at innbyggjarane i kommunen får den informasjonen dei treng så raskt som mogleg. (Se og kap. 2.2.4 Varsling av abonnentar.) Moglege kanalar for å nå innbyggjarane er:

- Befolkningsvarslingssystemet
- Kommunens heimesider/ Facebook
- Resepsjonen.
- Media (NRK, lokale media mv.)

2.4.5 Informasjon til eigne tilsette

Det er viktig og ikkje gløyme eigne tilsette i en hektisk og uoversiktleg situasjon, sjølv om det kanskje ikkje er desse som er mest aktive overfor kommunen for å etterspørje informasjon.

Gode kanalar for å nå ut til alle tilsette med viktig informasjon er felles e-post og informasjon på intranett.

2.5 AKSJONSPLANER

2.5.1 AKSJONSPLAN A – Iverksettning av naudvassforsyning

Aksjonsplana har til hensikt å beskrive beredskapsgruppas oppgaver ved ikkje ønska hendingar. Aktiviteter merket * repeteras regelmessig så lenge aksjonen varer. Aksjonsplana blir heldt oppdatert i statusmøta.

Aksjonsplan

Ref nr.	Fase	Handling	Ansv	Mrk.
A1	Varsling	Vakt/Avdelingsleder: Avgjerd om hendinga er ein beredskapssituasjon.		
A2	Varsling	Status for forsyninga (høgdebasseng, alternative forsyningsvegar osv.).	BL	
A3	Varsling	Gjennomføre intern og ekstern varsling etter behov, jf. kap 2.2	BL	
A4	Innkalling	Innkalling av EAB beredskapsgruppe	BL	
A5	Mobilis.	Etablere EAB beredskapsgruppe - medrekna: <ul style="list-style-type: none"> • tildele ulike beredskapsfunksjonar, • vurdere om man treng innsatsteam ute (bemanning av vassposter), • registrering av kommunikasjonsmidlar, • gjennomgang rapporteringsrutinar feltapparat, • etablere hovudlogg, • vurdere behov for ekstern bistand. 	BL	
A6	Mobilis.	Strategi for handtering av situasjonen bestemt og kommunisert.	BL	
A7	Mobilis.	Felles orientering om situasjonen og HMT-brief.	OPL	
A8	Aksjon	Sette i verk tiltak i tråd med A2.	BL	
A9*	Aksjon	Informasjon til abonnentar	BL	
A10	Aksjon	Ta kontakt med sårbare abonnentar - tid, sted, mengde for levering bestemmast	BL	
A11	Aksjon	Rekvirere nødvendig utstyr (naudvasskilde, tankar, transportkapasitet mv.) Tankbil rekvirerast frå Lindås og Meland brannvern.	OPL	
A12*	Aksjon	Vurdere hensiktsmessig stad for vasspostar, oppretting og bemanning av desse	OPL	
A13*	Aksjon	Setje i verk transport av naudvatn i tråd med A11.	OPL	
A14*	Aksjon	Statusrapport frå innsatsteam.	OPL	
A15*	Aksjon	Statusmøte gjennomført i beredskapsgruppa. Agenda: Status for aksjonen, strategi og nye tiltak, HMT, ressursbehov	BL	
A16	Aksjon	Etablering av bemanningsplan tilpassa situasjonens varighet.	BL	
A17*	Aksjon	Situasjonsrapport til Mattilsynet, kommunelegen, kommunal kriseleiiing	BL	
A18	Aksjon	Behov for informasjonsteneste til publikum	BL	
A19*	Aksjon	Følgje opp førespurnader frå publikum.	BL	
A20*	Aksjon	Pressemelding utarbeidet, godkjent og utsendt.	BL	
A21*	Aksjon	Behov for innkalling til pressekonferanse.	BL	
A22	Demob.	Plan for demobilisering og normalisering utarbeidet iht. kap. 2.6	BL	
A23	Normalis.	Situasjonen er normalisert, normal drift tatt opp igjen.	BL	
A24	Normalis.	Evaluering av aksjonen og erfaringa følgt opp.	BL	

2.5.2 AKSJONSPLAN B – Situasjonar med opphøgd risiko for ikkje ønska hendingar

Aksjonsplana har til hensikt å beskrive beredskapsgruppas oppgåver ved ikkje ønska hendingar. Aktiviteter merket * gjentakast regelmessig så lenge aksjonen varer. Aksjonsplana blir heldt oppdatert i statusmøta.

Aksjonsplan

Ref nr.	Fase	Handling	Ansv	Mrk.
B1	Varsling	Vakt/ Avdelingsleder: Avgjerd om hendinga er ein beredskapssituasjon.		
B2	Varsling	Status for forsyninga (høgdebasseng, kummer, vassverka, alternative forsyningsveier osv.).	BL	
B3	Varsling	Gjennomføre intern og ekstern varsling etter behov, jf. kap 2.2	BL	
B4	Innkalling	Innkalling av EAB beredskapsgruppe	BL	
B5	Mobilis.	Etablere EAB beredskapsgruppe - medrekna: <ul style="list-style-type: none"> • tildele ulike beredskapsfunksjoner, • vurdere om man trenger innsatsteam ute • registrering av kommunikasjonsmidlar, • gjennomgang rapporteringsrutinar feltapparat, • etablere hovudlogg, • vurdere behov for ekstern bistand. 	BL	
B6	Mobilis.	Strategi for handtering av situasjonen avgjort og kommunisert.	BL	
B7	Mobilis.	Felles orientering om situasjonen og HMT-brief.	OPL	
B8	Aksjon	Setje i verk tiltak i tråd med B2.	BL	
B9	Aksjon	Kartlegging av behov for å forberede alternativ drift.	OPL	
B10	Aksjon	Maksimering av nivå i høgdebassenga	OPL	
B11*	Aksjon	Vurdere ekstra inspeksjon/sikring/vakthold av vassinstallasjonar.	BL	
B12*	Aksjon	Hendelsens relevans for § 18 i DVF behandlas i detalj. ("Unntaksvedtak for vassforsyning under ekstraordinære forhold").	BL	
B13*	Aksjon	Ytterlegere informasjon om situasjonen innhenta frå myndigheter eller andre relevante instansar (Meteorologisk institutt/Politiet/Fylkesmannen).	BL	
B14*	Aksjon	Statusrapport frå innsatsteam. Vurdere iverksetting ytterligere tiltak	OPL	
B15	Aksjon	Etablering av bemanningsplan tilpassa situasjonens varighet.	BL	
B16*	Aksjon	Situasjonsrapport til relevante myndigheter.	BL	
B17*	Aksjon	Etablere informasjonsteneste for vedkomne abonnentar.	BL	
B18*	Aksjon	Følgje opp førespurnad frå publikum.	BL	
B19*	Aksjon	Pressemelding utarbeidet, godkjend og utsendt.	BL	
B20*	Aksjon	Behov for innkalling til pressekonferanse.	BL	
B21*	Demob	Plan for demobilisering og normalisering utarbeidet iht. kap. 2.6	BL	
B22	Normalis.	Situasjonen er normalisert, normal drift teke opp att.	BL	
B23	Normalis.	Evaluering av aksjonen og erfaringa følgd opp.	BL	

2.5.3 **AKSJONSPLAN C, Trussel eller mistanke om tilsikta handling (sabotasje, terror)**

Aksjonsplana har til hensikt å beskrive beredskapsgruppas oppgaver ved ikkje ønska hendingar. Aktiviteter merket * gjentakast regelmessig så lenge aksjonen varer. Aksjonsplanen blir heldt oppdatert i statusmøta.

Aksjonsplan

Ref nr.	Fase	Handling	Ansv	Mrk.
C1	Varsling	Den som tek i mot meldinga, eller oppdagar innbrot/ hæververk kontaktar Avdelingsleiar omgåande for mobilisering av beredskapsgruppa.		
C2	Varsling	Kontakt etablert mot politiet og kommunal leiing.	BL	
C3	Varsling	Gjennomføre intern og ekstern varsling etter behov, jf. kap 2.2		
C4	Varsling	Tiltak i vassforsyninga avklarast med politiet.	BL	
C5	Varsling	Kommunal kriseleiing er orientert om politiets avjerd og trusselvurdering.	BL	
C5	Varsling	Personen som tok imot trussel har fylt ut skjema i Vedlegg VI.		
C7	Innkalling	Innkalling av EAB beredskapsgruppe	BL	
C8	Mobilis.	Etablere EAB beredskapsgruppe - medrekna: <ul style="list-style-type: none"> • tildele ulike beredskapsfunksjoner, • vurdere om man trenger innsatsteam ute (vakthold), • registrering av kommunikasjonsmidlar, • gjennomgang rapporteringsrutinar feltapparat, • etablere hovudlogg, • vurdere behov for ekstern bistand. 	BL	
C9	Mobilis.	Strategi for handtering av hendinga bestemt og kommunisert.	BL	
C10	Mobilis.	Felles orientering om hendelsen og HMT-brief.	OPL	
C11	Aksjon	Status for forsyninga (høgdebasseng, vassverka, kummer osv.).	BL	
C12	Aksjon	Ekstra inspeksjon/sikring av egne installasjonar vurdert og evt. Sette i verk.	BL/ OPL	
C13*	Aksjon	Første statusrapport frå innsatsteam motteke	OPL	
C14*	Aksjon	Statusmøte gjennomført i beredskapsgruppa. Agenda: Status for aksjonen, strategi og nye tiltak, HMT, ressursbehov	BL	
C15	Aksjon	Innføring av restriksjonar ved bruk av vatnet, evt. påbod om kokning er vurdert og evt. sett i verk.	BL	
C16	Aksjon	Vurdere evt. ressursbehov. Behov for ressursar frå f.eks. heimevernet/sivilforsvaret til inspeksjon/sikring rekvireras gjennom politiet	OPL/ BL	
C17*	Aksjon	Vurdering av mulig omfang av sabotasje	BL	
C18	Aksjon	Iverksetting av ordinær prøvetaking. Vurdere ekstra ordinær prøvetaking i samarbeid med myndighetene.	BL	
C19*	Aksjon	Ekstraordinær varsling av sårbare abonnentar	BL	
C20	Aksjon	Etablere informasjonsteneste for publikum	BL	
C21*	Aksjon	Situasjonsrapport til Mattilsynet, kommunelegen, kommunal kriseleiing og Fylkesmannen	BL	
C22*	Aksjon	Hendingas relevans for § 18 i DVF behandla i detalj ("Unntaksavgjerder for vassforsyning under ekstraordinære forhold").	BL	
C23	Aksjon	Pressemelding utarbeida, godkjent og utsendt.	BL	



Ref nr.	Fase	Handling	Ansv	Mrk.
C24*	Aksjon	Behov for innkalling til pressekonferanse.	BL	
C25*	Aksjon	Statusrapport frå innsatsteam.	BL	
C26*	Aksjon	Følgje opp publikumsførespurnader.	BL	
C27*	Demob.	Demobilisering og normalisering iht. kap. 2.6	BL	
C28	Normalis.	Situasjonen er normalisert, normal drift blir teke opp att.	BL	
C29	Normalis.	Aksjonen er evaluert og erfaringar følgd opp.	BL	

2.5.4 AKSJONSPLAN D, Kritisk leidningsbrotmed fare for kontaminert vatn

Aksjonsplana har til hensikt å beskrive beredskapsgruppas oppgåver ved ikkje ønska hendingar. Aktiviteter merket * gjentakast regelmessig så lenge aksjonen varer. Aksjonsplana haldast ajour i statusmøta.

Aksjonsplan

Ref nr.	Fase	Handling	Ansv	Mrk.
D1	Varsling	Vakt/Avdelingsleder: Avgjerd om hendinga er ei beredskapssituasjon.		
D2	Varsling	Status for forsyninga (høgdebasseng, alternative forsyningsvegar)	BL	
D3	Varsling	Gjennomføre intern og ekstern varsling etter behov, kap 2.2	BL	
D4	Innkalling	Innkalling av EAB beredskapsgruppe	BL	
D5	Mobilis.	Etablere EAB beredskapsgruppe - medrekna: <ul style="list-style-type: none"> • tildele ulike beredskapsfunksjonar, • vurdere om man treng innsatsteam ute • registrering av kommunikasjonsmidlar, • gjennomgang rapporteringsrutinar feltapparat, • etablere hovudlogg, • vurdere behov for ekstern bistand. 	BL	
D6	Mobilis.	Strategi for handtering av situasjonen vedtatt og kommunisert.	BL	
D7	Mobilis.	Felles orientering om situasjonen og HMT-brief.	OPL	
D8*	Aksjon	Grovlokalisering av feil, vurdere iverksetting av prøvetaking	OPL	
D9*	Aksjon	Statusrapport frå innsatsteam	OPL	
D10*	Aksjon	Status for høgdebassenga	OPL	
D11	Aksjon	Vurdere evt. ressursbehov (internt/ eksternt)	OPL	
D12*	Aksjon	Statusmøte gjennomført i beredskapsgruppa. Agenda: Status for aksjonen, strategi og nye tiltak, HMT, ressursbehov	BL	
D13	Aksjon	Situasjonsrapport til relevante myndigheiter	BL	
D14	Aksjon	Midlertidige konsekvensreducerande tiltak (slangeutlegg, manuell styring av høgdebasseng, avstenging av soner).	OPL	
D15	Aksjon	Vurdere behov for kokevarsel – konferere med kommunelege/ Mattilsynet. Dersom behov, sette i verk nødvendig varsling.	BL	
D16	Aksjon	Vurdere behov for og avgjere iverksetting av naudvassforsyning	BL	
DERSOM AVGJERD OM IVERKSETTING AV NAUDVATN GÅ TIL AKSJONSPLAN A				
D17	Aksjon	Etablere informasjonsteneste for publikum	BL	
D18*	Aksjon	Følgje opp førespurnad frå publikum.	BL	
D19	Aksjon	Setje i verk nødvendig prøvetaking ut frå den oppståtte situasjonen.	BL	
D20	Aksjon	Skaffe nødvendige reservedelar/utstyr for reparasjon	OPL	
D21	Aksjon	Reingjering, spyling og desinfisering etter reparasjon.	OPL	
D22	Aksjon	Pressemelding utarbeida, godkjend og utsendt.	BL	
D23	Aksjon	Behov for innkalling til pressekonferanse.	BL	
D24	Demob	Plan for demobilisering og normalisering utarbeida, jf. kap. 2.6	BL	
D25	Normalis.	Situasjonen er normalisert, normal drift teke opp att.	BL	
D26	Normalis.	Evaluering av aksjonen og erfaringa følgt opp.	BL	

2.5.5 AKSJONSPLAN E, Svikt overbelastning pga. dårlig kvalitet på råvatnet

Aksjonsplana har til hensikt å beskrive beredskapsgruppas oppgaver ved uønska hendingar. Aktiviteter merka * gjentakast regelmessig så lenge aksjonen varer. Aksjonsplana haldast ajour i statusmøta.

Aksjonsplan

Ref nr.	Fase	Handling	Ansv	Mrk.
E1	Varsling	Vakt/Avdelingsleiar: Avgjerd om hendinga er ein beredskapssituasjon.		
E2	Varsling	Status for forsyninga (høgdebasseng, vassverket, kjelde osv.).	BL	
E3	Varsling	Gjennomføre intern og ekstern varsling etter behov, jf. kap 2.2	BL	
E4	Innkalling	Innkalling av EAB beredskapsgruppe	BL	
E5	Mobilis.	Etablere EAB beredskapsgruppe - medrekna: <ul style="list-style-type: none"> • tildele ulike beredskapsfunksjonar, • vurdere om man treng innsatsteam ute • registrering av kommunikasjonsmidlar, • gjennomgang rapporteringsrutinar feltapparat, • etablere hovudlogg, • vurdere behov for ekstern bistand. 	BL	
E6	Mobilis.	Strategi for handtering av situasjonen bestemd og kommunisert.	BL	
E7	Mobilis.	Felles orientering om situasjonen og HMT-brief.	OPL	
E8	Aksjon	Forsøke å identifisere årsak til overbelastning – kjelde for forureining av kjelda.	OPL	
E9	Aksjon	Vaske UV-aggregat i samsvar med instruks.	OPL	
E10	Aksjon	Gjennomføre ekstra prøvetaking før og etter vask av UV.	OPL	
E11	Aksjon	Vurdere behov for kokevarsel – konferere med kommunelege/ Mattilsynet. Dersom behov, setje i verk nødvendig varsling.	BL	
E12*	Aksjon	Statusrapport frå innsatsteam	OPL	
E13*	Aksjon	Status for høgdebassenga	OPL	
E14*	Aksjon	Statusmøte gjennomført i beredskapsgruppa. Agenda: Status for aksjonen, strategi og nye tiltak, HMT, ressursbehov	BL	
E15	Aksjon	Vurdere behov for og vedta iverksetting av naudvassforsyning.	BL	
DERSOM VEDTAK OM IVERKSETJING AV NAUDVATN GÅ TIL AKSJONSPLAN A				
E16	Aksjon	Etablere informasjonsteneste for publikum	BL	
E17	Aksjon	Følgje opp førespurnad frå publikum.	BL	
E18	Aksjon	Pressemelding utarbeida, godkjend og utsendt.	BL	
E19	Aksjon	Behov for innkalling til pressekonferanse.	BL	
E20	Demob	Plan for demobilisering og normalisering utarbeida, jf. kap. 2.6	BL	
E21	Normalis.	Situasjonen er normalisert, normal drift teke opp att.	BL	
E22	Normalis.	Evaluering av aksjonen og erfaringa følgt opp.	BL	

2.5.6 AKSJONSPLAN F, Langvarig svikt strømforsyning (dagar)

Aksjonsplana har til hensikt å beskrive beredskapsgruppas oppgaver ved ikkje ønska hendingar. Aktiviteter merka * gjentakast regelmessig så lenge aksjonen varer. Aksjonsplanen heldes ajour i statusmøta.

Aksjonsplan

Ref nr.	Fase	Handling	Ansv	Mrk.
F1	Varsling	Vakt/Avdelingsleder: Avgjerd om hendinga er en beredskapssituasjon.		
F2	Varsling	Status for forsyninga (høgdebasseng, vassverka, alternative forsyningsvegar osv.).	BL	
F3	Varsling	Gjennomføre intern og ekstern varsling etter behov, jf. kap 2.2 (OBS! kan være vanskelig ut frå svikt i strømforsyning)	BL	
F4	Innkalling	Innkalling av EAB beredskapsgruppe	BL	
F5	Mobilis.	Etablere EAB beredskapsgruppe - medrekna: <ul style="list-style-type: none"> • tildele ulike beredskapsfunksjonar, • vurdere om man treng innsatsteam ute • registrering av kommunikasjonsmidlar, • gjennomgang rapporteringsrutinar feltapparat, • etablere hovudlogg, • vurdere behov for ekstern bistand. 	BL	
F6	Mobilis.	Strategi for handtering av situasjonen vedtatt og kommunisert.	BL	
F7	Mobilis.	Felles orientering om situasjonen og HMT-brief.	OPL	
F8*	Aksjon	Innhente melding frå kraftselskapet på status i situasjonen og forventa innkopling.	BL	
F9*	Aksjon	Basert på opplysningar frå kraftselskapet vurdere konsekvens for vassforsyninga.	BL/ OPL	
F10*	Aksjon	Vurdere behovet for og evt. rekvirere aggregat.	BL	
F11	Aksjon	Organisere innsatsmannskaper til å ta imot leverandør av aggregat og klargjøre vassverket for drift ved hjelp av aggregat	OPL	
F12*	Aksjon	Status for høgdebassenga	OPL	
F13*	Aksjon	Statusmøte gjennomført i beredskapsgruppa. Agenda: Status for aksjonen, strategi og nye tiltak, HMT, ressursbehov	BL	
F14	Aksjon	Etablere informasjonsteneste for publikum (OBS! kan være vanskelig ut frå svikt i strømforsyning)	BL	
F15*	Aksjon	Pressemelding utarbeida, vedtatt og utsendt. (OBS! kan være vanskelig ut frå svikt i strømforsyning)	BL	
F16*	Aksjon	Behov for innkalling til pressekonferanse. (OBS! kan være vanskelig ut frå svikt i strømforsyning)	BL	
F17*	Aksjon	Vurdere behovet for og evt. vedta iverksetjing av naudvatn.	BL	
DERSOM VEDTAK OM IVERKSETJING AV NAUDVATN GÅ TIL AKSJONSPLAN A				
F18	Demob	Plan for demobilisering og normalisering utarbeida, jf. kap. 2.6	BL	
F19	Normalis.	Situasjonen er normalisert, normal drift teke opp att.	BL	
F20	Normalis.	Evaluering av aksjonen og erfaringa følgt opp.	BL	

2.5.7 AKSJONSPLAN G, Brann eller eksplosjon i bygning eller teknisk installasjon

Aksjonsplana har til hensikt å beskrive beredskapsgruppas oppgåver ved ikkje ønska hendingar. Aktiviteter merka * gjentakast regelmessig så lenge aksjonen varer. Aksjonsplana haldast ajour i statusmøta.

Aksjonsplan

Ref nr.	Fase	Handling	Ansv	Mrk.
G1	Varsling	Vakt: Innkalle EAB beredskapsgruppe.		
G2	Varsling	Status for forsyninga, høgdebasseng.	BL	
G3	Varsling	Gjennomføre intern og ekstern varsling etter behov, jf. kap 2.2	BL	
G4	Mobilis.	Etablere EAB beredskapsgruppe - medrekna: <ul style="list-style-type: none"> • tildele ulike beredskapsfunksjonar, • vurdere om man treng innsatsteam ute • registrering av kommunikasjonsmidlar, • gjennomgang rapporteringsrutinar feltapparat, • etablere hovudlogg, • vurdere behov for ekstern bistand. 	BL	
G5	Mobilis.	Strategi for handtering av situasjonen vedtatt og kommunisert.	BL	
G6	Mobilis.	Felles orientering om situasjonen og HMT-brief.	OPL	
G7	Aksjon	Vurdere konsekvens for vassforsyninga på et overordna nivå før ein kan gå inn å vurdere skader av brannen (hele vassverket ramma, deler ramma, enkelte tekniske installasjonar mv)	BL/ OPL	
G8*	Aksjon	Status for høgdebassenga	BL	
G9	Aksjon	Når brannstaden er tilgjengeleg – innsatsteam vurdere skadeomfang	BL	
G10*	Aksjon	Utarbeide plan for alternativ forsyning frem til opphavleg forsyning kan takast opp att	BL	
G11*	Aksjon	Statusmøte gjennomført i beredskapsgruppa. Agenda: Status for aksjonen, strategi og nye tiltak, HMS, ressursbehov	BL	
G12*	Aksjon	Vurdere behov for kokevarsel – konferere med kommunelege/ Mattilsynet. Dersom behov, setje i verk nødvendig varsling.	BL	
G13*	Aksjon	Vurdere behov for og vedta iverksetjing av naudvassforsyning.	BL	
DERSOM VEDTAK OM IVERKSETJING AV NAUDVATN GÅ TIL AKSJONSPLAN A				
G14*	Aksjon	Vurdere ressursbehovet (internt/ eksternt)	OPL	
G15	Aksjon	Dersom mindre skader (brann teknisk installasjon) skaffe til veie nødvendige reservedelar/utstyr for reparasjon	OPL	
G16	Aksjon	Reingjering, spyling og desinfisering etter reparasjon.	OPL	
G17*	Aksjon	Etablere informasjonsteneste for publikum	BL	
G18*	Aksjon	Følgje opp kontakt frå publikum.	BL	
G19*	Aksjon	Pressemeldinga godkjend og utsendt.	BL	
G20*	Aksjon	Behov for innkalling til pressekonferanse.	BL	
G21	Demob	Plan for demobilisering og normalisering utarbeida, jf. kap. 2.6	BL	
G22	Normalis.	Situasjonen er normalisert, normal drift teke opp att.	BL	
G23	Normalis.	Evaluering av aksjonen og erfaringa følgd opp.	BL	

2.6 PLAN FOR DEMOBILISERING OG NORMALISERING

Demobilisering handlar om ei avgjerd om at beredskapsorganisasjonen skal bli avslutta. Normalisering handlar om oppgåver knytt til hendelsen som kan utføres etter at beredskapsorganisasjonen har blitt avslutta.

Det er beredskapsleiar i samråd med operativ leiar, og evt. i samråd med kommunal kriseleiing som avgjer demobilisering.

Kriterier for iverksetting av demobilisering er:

1. Behovet for tiltak ligg innafor det normal drift og vakt kan handtere.
2. Behov for beredskapstiltak har blitt avslutta.
3. Andre beredskapsinstansar har teke over ansvaret for aksjonen.

Demobilisering handlar om følgjande aktiviteter:

1. Fastsetjing av tidspunkt for når beredskapsorganisasjonen skal avsluttast.
2. Felles de-brief og avgjerd om demobilisering.
3. Tildeling av demobiliseringsoppgåver, medrekna:
 - Kvalitetskontroll av beredskapsutstyr, reingjering, merking og tilbakeføring til beredskapslager.
 - Eventuelle avsluttande informasjon/pressemelding og nedtrapping av info-kanalar
4. Innhente dokumentasjon frå aksjonen (loggark, foto/video, notater, vedlegg mv).
5. Vurdere behov for ekstern assistanse/bistand (etterkantundersøkingar).
6. Rydding av EAB beredskapsrom.

Normalisering omfattar følgjande aktiviteter:

1. Regnskapsarbeid.
2. Etterkantundersøkingar.
3. Evaluering av aksjonen jf. 3.2.4.
4. Revisjon av beredskapsplanverk.
5. Øvingar.

3 Administrativ del

3.1 MÅL, STRATEGI OG ANSVAR

3.1.1 Overordnamål og strategi

Overordna mål og strategi dannar ramma for dei operative måla nemnt i kap. 2.1.1.

Likevel må en samla vurdering leggjast til grunn ved vedtak om tiltak. Tilhøve som kan påverke grad av mål som er nådd er omsyn til menneskes helse og sikkerhet og ivaretaking av omdømme.

Overordna mål

- Beredskapen skal sikre at vassforsyninga ved ikkje ønska hendingar snarast mulig takast opp att eller haldast på et akseptabelt hygienisk, kvalitets og kapasitetsmessig nivå inntil normal drift igjen er etablert. Når tiltak setjast i verk att, skal desse bli valt ut frå eit behov for størst mulig risikoreduksjon for menneskjer, miljø og samfunnsverdiar. Når risiko for menneskes helse er uavklart, skal beredskapstiltaka byggje på føre-var prinsippet.

Strategi

- Beredskapsplana bygger på det risikobilde som er avdekka gjennom risiko- og sårbarheitsanalyser. Beredskapsplana oppdaterast ved endringar i dette risikobiletet. Beredskapen skal oppfylle myndigheitskrav, og den skal være tilrettelagt for effektivt samvirke med samfunnets andre beredskap i fredstid og krig.

Det følgjer av denne strategien at beredskapens omfang skal stå i et rimelig førehald til risiko for ikkje ønske hendingar. Derfor er ei god og sikker vassforsyning under normale driftsforhold det beste utgangspunktet for å førebyggja ikkje ønska hendingar.

Viktige tiltak for å styre risiko under daglig drift er (jf. første kulepunkt):

- **VARSLING:** Samarbeid om direkte varsling av hendingar som kan påverke vassforsyninga. Haldningsskapande og tett dialog med andre beredskapsaktørar i samfunnet slik at ikkje ønska hendingar, eller tilløp til hendingar, oppdagast og varslast beinveges til Meland kommune.
- **ENDRING AV RISIKOBILETE:** Ei laupande vurdering av risikobilete vil gjere det mogleg å setje i verk tiltak i situasjonar som gir auka fare for ikkje ønska hendingar, - t.d. ekstreme vêrforhold, uro i samfunnet, krigs- og terrorsituasjon samt store arrangement (sport, politikk).
- **TIDSVINDUER:** Bevisstgjerig og effektiv utnytting av tilgjengelege tidsvind for beredskapstiltak, f.eks. vatnets hastighet og fordeling i nettet, opphaldstid i høgdebasseng mv.

3.1.2 **Ansvar**

